

AREAL: 148 km<sup>2</sup>  
FOLKETAL: 21 207

## FJELL



**PÅ BLÅ BOTN EIN  
SØLV MAKE OVER  
SVARTE FJELL**

Våpenet er godkjent av Fjell kommunestyre 27.4.1957, og er teikna av Magnus Hardeland. Det er ikkje godkjent som våpen etter heraldiske reglar. Fuglen på merket, ein måke, symboliserar «utror». Sjøfuglen hentar næringa si frå sjøen, slik som folket i kommunen gjorde det. Merket symboliserer elles hav, øyar og fjell, og er i stilisert form eit bilete på naturen i Fjell kommune. Fargane er blått, svart og sølv.

**F**JELL kommune er i dag ein av dei store omlandskommunane kring Bergen. Etter at Sotrabraua vart opna i 1972 har tilflyttinga auka drastisk til denne romslege øya med mykje byggjeland og kjærkome ekspansjonsareal for Stor-Bergen. Fjell er idag ein av dei viktigaste forstadene til storkommunen, men går vi 150 år bakover i tid, var røyndommen ein annan. Då var Sotra eitt av dei magre områda på strilelandet i jordbruks-samanheng, avhengig av fisket og med ein fiskarbefolkning som dei gode byborgarane hadde eit litt nedlatande forhold til.

Ser vi på tilhøva på 1600-talet, var heile Sotra ei eiga skippreide, medrekna øyane Bildøy og Bjorøy, medan derimot Lerøy og Bjelkarøy høyrde til Skjold skippreide. To kyrkjesokner har det vore sidan mellomalderen, og for å forstå dei administrative inndelingane i nyare tid, må vi ta utgangspunkt i den geistlege administrasjonen. Fjell sokn høyrde under Sund prestegjeld før Fjell prestegjeld vart skipa frå 1813, med Askøy (Strusshamn) sokn som anneks. Seks år seinare vart Fjell mellombels atter lagt under Sund i påvente av kjøp av prestegard i Fjell. Det skjedde i 1841 og dermed vart Fjell prestegjeld med Askøy som anneks skipa på ny.

Tretti år seinare vart så Askøy eige prestegjeld. ☐



*Jordkjellarane, Nordhordlands «stabbur», er ein karakteristisk del av byggeskikken i kystbygdene.*

*Amaldus Niensens stemningsfulle portrett av Solsvik kring 1860 viser oss eit lite fiskarsamfunn på vestkysten før sildeindustrien skyt fart; ei utvikling som omskapte Solsvik til ein av dei første industritettstadene på kysten av Hordaland.*



### ⚔ FJELL

Fjell, uttala Fjædle i målføret, er skrivne undir Fjalle i gno. og tyder «garden under fjellet». Førsteleddet i Bildøyna inneheld gno. bilda «bile, øks». Syltøyna er laga til ei avleiing av eldre sult «blautlende, myr», i slekt med dei moderne orda sylte og salt. Hit høyrer òg Sylta i Radøy. Knarrvika inneheld gno. knorr «handelsskip». Møvik er ei dialektform av Midvik, namngjeve ut frå lægjet mellom Nordvika og Skålvika. Løno heng saman med gno. lón «stilt vatn», her helst om kilen som skjer seg inn i øya. Landrø tyder «landrydningen». Misje har vore tolka av gno. Miðsjóva «øya midt mellom sjøen og fjorden». Det skulle sikta til at Misje ligg mellom Sotra og Toføyona i seglleia frå Hjeltefjorden til sjøen utanfor. Turøyoni inneheld mogeleg eldre Tuðr- eller Túðr-«fangst(øya)» og er i så fall i slekt med sisteleddet i Santor (®228).

